



Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi og samfunnsvitenskap, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Teknikar / avdelingsingeniør

Det er ledig fast stilling som teknikar/avdelingsingeniør ved avdeling for organisasjonsutvikling og digitalisering på Høgskulen på Vestlandet, campus Bergen.

Avdeling for organisasjonsutvikling og digitalisering er plassert i organisasjonsdirektøren si linje. Eininga har i dag om lag 50 tilsette, med IT som det klart største tenesteområdet. I tillegg har vi ansvar for organisasjonsutvikling, leiarutvikling og dokumentforvaltning.

Vi skal både hjelpe fageiningane direkte, og indirekte via utvikling av effektive administrative arbeidsformer. Sentralt i dette står arbeidet med å utvikle digitale løysingar knytt til alle våre oppgåver. Omstillingsarbeid er også i stor grad organisasjonskulturarbeid. Eininga har dette som særleg fagleg ansvar, og driv omfattande utvikling av leiarar og leiing.

Ansvars- og arbeidsområde i stillinga:

I stillinga som teknikar/avdelingsingeniør vil du primært ha dine arbeidsoppgåver knytt til 1-linje brukarstøtte IT, og andre operative oppgåver innanfor IT-området.

Du vil også kunne bli tillagt andre oppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde, til dømes:

Prosjektarbeid, informasjonssikkerheit, opplæring, rådgiving, dokumentasjon, avtaler, innkjøp, systemdrift, integrasjon, klientdrift, backup, nettverk eller serverdrift.

Krav til stillinga:

Stillingskoden vert vurdert etter utdanning, erfaring, sjølvstende og kompleksitet i oppgåvene som skal utførast.

For å bli innplassert som *Teknikar (1091)* krev vi 3-årig vidaregåande skule eller tilsvarande, helst relevant tilleggstudium og praksis frå sjølvstendig arbeid. Det kan bli stilt krav om relevant utdanning/ kompetanse på høgare nivå eller praktisk arbeidserfaring frå relevante område.

For å bli innplassert som *Avdelingsingeniør (1085)* krev vi 3-årig høgskuleutdanning som ingeniør eller utdanning av tilsvarande lengde og omfang innan relevant fagområde. Relevant praksis/ røynsle eller vidareutdanning.

Personlege eigenskapar:

Dette er ei stilling med mykje kontakt med tilsette og studentar. Du må være serviceinnstilt, ha gode samarbeidsevner og evne til å jobbe under press i eit hektisk miljø.

Høgskulen er i omstilling, og tenesteområdet IT er i stadig endring. Du må kunne omstille deg, og være flink til ta til deg ny kunnskap og nye arbeidsoppgåver.

Du må ha evne til å ta initiativ og arbeide sjølvstendig, og du må ha god munnleg og skriftleg framstillingsevne på norsk og engelsk.

Vi tilbyr

Stillinga som teknikar/avdelingsingeniør er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1091/1085

Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spennande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskriftar eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsetningar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggest ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA bedrift.

[Heimeside](#)

Kontaktpersonar ved Høgskulen på Vestlandet er:

- 1) Avdelingsleiar Wiggo Hustad, telefon +47 971 98 787
- 2) Nestleiar Idar Flemmen, e-post Idar.Flemmen@hvl.no

Jobbnorge-ID: 162144, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut